




Time kommune




Plan for naturmangfald 2025-2035

Høyringsforslag

Innhold

Plan for naturmangfald	3
Oppfølging	4
Finansiering	4
Ansvar	4
Viktige omgrep	5
1. Kunnskapsheving	6
2. Arealplanlegging	9
3. Naturforvaltning	11
4. Vassdragsforvaltning	14
5. Framande artar	16
6. Kommunale areal	18
Vedlegg 1	20



Plan for naturmangfald

Det globale tapet av naturmangfald er så stort at det er ei naturkrise, på linje med klimakrise. Hovudårsaka til naturkrisa er summen av små lokale inngrep som negativt påverkar leveområde til artar som dyr og plantar. Òg naturmangfaldet i Time kommune er under press av mange interessa.

Plan for naturmangfald 2025-2035 viser korleis Time kommune skal arbeide med bevaring av naturmangfald. Planen er laget for å vera kort og konsentrert med fokus på mål og tiltak. Kunnskapsgrunnlaget for plan for naturmangfald gjer ein fagleg bakgrunn for måla og tiltaka i denne planen. Planen er ein temaplan, med anbefalingar mot kommuneplanen.

Plan for naturmangfald 2025-2035 vil ikkje gje ei komplett løysing på alle utfordringar knytt til naturmangfald. Time kommune skal i tida framover søka gode heilskaplege og tverrfaglege løysingar, der bevaring av vårt lokale naturmangfald skal vektleggast.

Visjon for Time kommune:

Me skal stoppe naturtapet og overlate naturen i Time kommune i betre tilstand til komande generasjonar.



Oppfølging

Måla og tiltaka i denne planen skal følgast opp i dei komande åra. Dette skal gjerast med dokumentasjon, interne og eksterne møte og dialog, saksbehandling, samt konkrete prosjekt. Status for arbeid med naturmangfald, inkludert ny kunnskap om naturmangfaldet, skal haldast oppdatert, gjerast offentleg tilgjengeleg og dokumenterast i kommunal årsrapport. Planen skal revidast kvart 4 år; i 2029 og 2033.

Lista over tiltak er ikkje uttømande, og anna tiltak kan gjennomførast om dei er med på å nå måla i planen.

Finansiering

Planen legg opp til mange tiltak, men dei fleste tiltaka skal inngå i normal drift. Det er då viktig at kommunen har personell som har tid og kompetanse til å følgja opp måla og tiltaka i planen.

For ein del av tiltaka, som utvida naturkartlegging, ekstern arbeid med framande artar og andre konkrete prosjekt vil det vera behov for ytterlegare finansiering. Time kommune skal aktivt søka regionale og nasjonale, samt midlar frå EU for å få gjennomført prosjekt.

Samstundes vil det vera naudsynt med noko intern finansiering via økonomiplan for nokon av tiltaka og nå måla i naturplanen. Time kommune vil måtte gjere økonomiske prioriteringar av tiltak for naturmangfald opp mot andre viktige oppgåver, men tiltak for å styrke naturmangfaldet skal vega tungt.

Ansvar

- Det er kommunens som heilskap, inkludert administrativ og politiske leiing, som har det ansvaret i bevaring av naturmangfaldet i Time kommune.
- Klima og miljø, under verksemd plan og forvalting, har ansvaret for gjennomføring av dei fleste tiltaka, og den generelle oppfølging av planen.
- For kapittel 2 – *arealplanlegging*, er plan- og forvaltingsverksemda hovudansvarleg.
- For kapittel 6 - *kommunale areal* er det driftsavdelinga hovudansvarleg.


God intern og ekstern kommunikasjon og samhandling vil vera naudsynt for gjennomføring av plan for naturmangfald.

Viktige omgrep

Naturmangfald omfattar mangfald i genetikk, artar, naturtypar, landskap og geologi. Ein diversitet i naturmangfaldet, på alle nivå, er grunnlaget for ein robust og berekraftig natur.

Blågrøn struktur er nettverket av blå (vatn) og grønne (vegetasjon) naturprega område, både i og utanfor tettstader. På sama måte som menneske treng vegar og transport, treng naturen samanhengande område for å fungere. Artar treng gode areal for formeiring, oppvekst og næringssøk, og gode forbindelse mellom dei (figur 1).

Økosystemteneste er dei godane og tenestene naturen gjer oss menneske. Konsekvensane ved tap av naturmangfald vil ha konsekvens for både artar og innbyggjarar i Time kommune.

PRINSIPPBEGREP	SLIK	IKKE SLIK
Avstand		
Størrelse		
Form		
Arealvariasjon		
Korridorer		
Buffersone		
Biotopmangfold		
Alder	Ta vare på gamle biotoper	Rasere all eksisterende natur, for så å plante ny
Kanteffekt		

Figur 1. Prinsipp for blågrøn struktur og god arealplanlegging. Kjelde: Miljødirektoratet.¹

¹ Miljødirektoratet (2014) M100 - Planlegging av grønnstruktur i byer og tettsteder

1. Kunnskapsheving

For å sikre god forvaltning og bevaring av naturmangfaldet i Time kommune, er det avgjerande å ha rett kunnskap tilgjengeleg. Det er òg viktig å ha ein grunnleggande økologisk forståing for å tolke og handtere denne kunnskapen. Dette gjeld særskild i arbeid med kommuneplanens arealdel. Ofte blir naturen vurdert i eit avgrensa areal, noko som gjer at ein ikkje får ei heilskapleg vurdering av den samla belastninga på naturmangfaldet.

Naturkartleggingar må vera kartfesta slik ramma natur kan tas omsyn til tidleg i ein prosess. Naturkartlegging kan gå på artar på individ- eller habitatnivå, naturtypar eller meir overordna vurdering av økologiske landskap og blågrøn struktur.

Time kommune har mykje tilgjengeleg kunnskap om naturen, inkludert diverse kartlag, og modelleringar. Eit viktig verktøy for å kartfeste naturtypar på er ved den nasjonale standarden *Natur i Norge* (NiN). Kun ein del av Time kommune er kartlagt etter NiN-systemet, men meir vil bli kartlagt i løpet av 2025.

Ved NiN-kartleggingar, og andre standardmetoder, vil trua artar og natur vise som viktige. Kommunen må ta omsyn til trua og viktig naturverdiar. Samstundes må òg kvardagsnaturen tas omsyn til. For sjølv om den reknast som å ha liten verdi nasjonalt, er den viktig for naturopplevingar blant innbyggjarar og viktig for dei lokale økosystema.

Oppdatert kunnskap om hekke- og funksjonsområde for vipe og anna fugl knytt til jordbruket er viktig, då desse fuglane er under eit stor press. Nasjonalt har det vore ein 50 % nedgang av fugl knytt til jordbruket sidan 1996.² Time kommune skal òg tette kunnskapshol knytt til restareal, blågrøn struktur, amfibie og elvemusling.

Det krev kompetanse og forståing for å tolke tilgjengeleg kunnskap. Det må difor arbeidast for ein heving av intern kompetanse. Skal det bli tatt gode avgjerder med eit godt kunnskapsgrunnlag må ein god kartløyising vera tilgjengeleg for både kommunens administrasjon og innbyggjarar. Time kommune skal laga ein lettforståeleg kartløyising med relevant data for saksbehandling og eksterne.

Innbyggjarar kan òg bidra med kunnskapsheving med å melde inn funn i det opne systemet *Artsobservasjoner*. Dei siste åra har det årleg blitt registrert om lag 4000 observasjonar av artar i Time kommune. Registreringar er nyttig for å heve kunnskapen for forvaltning, men det kan òg bidra til ein auke i interesse og forståing av natur bland innbyggjarane.

2



Hovudmål 1: Forbetre kunnskapen om naturmangfaldet i Time kommune og forstå korleis det blir påverka over tid. Heve kunnskapsnivået hjå administrasjonen, politikarane og innbyggjarar.

Delmål 1.1: Ein fullstendig naturkartlegging av kommunen.

- **Tiltak 1.1.1. (vipe og storspove):** Innan 2026 kartfeste viktige hekkelokalitetar og funksjonsområde til vipe og storspove.
- **Tiltak 1.1.2. (restareal og blågrøn struktur):** Innan 2027 identifisere og kartfeste restareal og blågrøn struktur som viktige for naturen, både i og utanfor tettstader.
- **Tiltak 1.1.3. (ville pollinerande insekt):** Innan 2028 identifisere og kartfeste viktige areal for ville pollinerande insekt.
- **Tiltak 1.1.4. (hole eik):** Innan 2028 identifisere og kartfeste hole eik.
- **Tiltak 1.1.5. (amfibie):** Innan 2029 utarbeide ei oversikt over leveområde for amfibie, som salamander, samt samanhengen mellom dei.
- **Tiltak 1.1.6. (elvemusling):** Kontinuerleg ha ein oppdatert oversikt over førekomstar av elvemusling i kommunen og utviklinga av desse.
- **Tiltak 1.1.7. (NiN):** Innan 2030 ha ein fullstendig *Natur i Norge* - naturtypekartlegging av heile kommunen.
- **Tiltak 1.1.8. (frå innbyggjarar):** Kontinuerleg samle naturinformasjon som er kjent for innbyggjarane, men som ikkje er kartfesta.

- **Tiltak 1.1.9. (lokalt naturkart):** Innan 2026 lage eit lokalt naturkart som samlar kunnskap om naturmangfaldet i Time kommune og supplerer nasjonale kartlag over natur. Temakart over naturmangfald skal kontinuerleg oppdaterast etter kvart som tiltak 1.1.1-1.1.8 blir gjennomført. Naturkartet skal nyttast i kommuneplanens arealdel.

Delmål 1.2: God intern og ekstern tilgang til naturinformasjon, samt ein god forståing av denne.

- **Tiltak 1.2.1. (natur i digital plattform):** Innan 2026 ha ein lettforståeleg og tilstrekkeleg tilgang til kartfesta informasjon om natur gjennom ei digital plattform (til dømes *ISYMap*) for internt og eksternt bruk.
- **Tiltak 1.2.2. (intern kompetanse):** Innan 2027 skal alle saksbehandlarar på plan, byggesak, VA, samferdsel og landbruk ha tilstrekkeleg kompetanse til å gjere enkle naturfaglege vurderingar sjølv. Kunnskapsnivået skal hevast med årlege kompetanseløft ved til dømes fagdagar eller seminar om natur for relevant faginstansar.
- **Tiltak 1.2.3. (nettside):** Kontinuerleg ha oppdatert og levande naturkunnskap på kommunens nettside, inkludert aktuelle støtteordningar, status på vassdragsarbeid, aktuelle prosjekt, hendingar som påverkar naturmangfaldet med meir.
- **Tiltak 1.2.4. (møte med politikarane):** Årleg møte på hausten med politikarane om status og aktuelt arbeid med naturmangfald inkludert vassdrag og vipe.
- **Tiltak 1.2.5. (politikaropplæring):** Nyvalde politikarane ved kommunestyreval skal ha opplæring i grunnleggjande økologiske prinsipp og om lokal natur.

Delmål 1.3: Auke lokal medverknad i natur


- **Tiltak 1.3.1. (artsobservasjonar):** Sikre ein årleg auke registreringar i Artsobservasjoner.no ved innbyggjarmedverknad.
- **Tiltak 1.3.2. (naturuke):** Innan 2027 arrangere eit lokalt arrangement for å fremme og auke kunnskapen om det lokale naturmangfaldet for innbyggjarar. Til dømes ein natursti med og om naturmangfald i Time kommune og/eller naturdag/naturuke. Gjerne samarbeide med lokale organisasjonar, bedrifta og nabokommunar. Søke støtte til dette formål.
- **Tiltak 1.3.3. (skuleprosjekt):** Innan 2028 etablere eit naturprosjekt med skulane for å engasjere elevar og fremme naturmangfald. Det kan til dømes nyttast gratis opplegg frå [besøkssenter våtmark Jæren](#).

2. Arealplanlegging

Arealendringar er den største trusselen for naturmangfaldet i Time kommune. Reduksjon eller fragmentering av naturareal fører til redusert kvalitet på leveområda for dyr, plantar og andre organismar. Arealendringar kan inkludere utbygging av bustader, offentlege bygg, vegar, anlegg for energiproduksjon, næringsareal og intensivering av landbruk. Time kommune har ansvar for arealplanlegging og må difor ta omsyn til naturverdiar i forvaltinga.

For å hindre vidare tap av natur gjennom arealplanlegging, skal Time kommune ha god kunnskap og forståing av naturen, og bruke denne kunnskapen til å vekte verdien av naturen tungt. Omsynet til natur må sjåast i eit langsiktig perspektiv. Det beste verktøyet arealplanlegging er kommuneplanens arealdel. Det er difor viktig med klare føresegner og retningslinjer som sikrar omsyn og vern av naturmangfald i kommuneplanen.

For å stoppe tapet av natur, må Time kommune forvalte areala i trå med prinsipp om **arealnøytralitet**. Arealnøytralitet inneber eit netto null tap av natur i kommunen, og i praksis skjer dette ved fortetting og gjenbruka areal framfor å bygge ut i naturareal. Eventuelle arealinngrep i natur må økologisk kompensereast. Bruk av **tiltakshierarkiet** er arealnøytralitet i praksis (figur 2). Time kommune er medviten på at restriksjonar på nedbygging av natur i nabokommunar vil kunne legge ytterlegare press på naturareal i kommunen.



Figur 2. Tiltakshierarkiet, som visar prioritet over tiltak dersom ein ynskja å ivareta naturmangfald. Kjelde: Miljødirektoratet.

Naturrestaurering er å retta opp igjen og forbetre naturmangfald i områder som er forringa eller øydelagde. Time kommune skal kartleggje og prioritere natur egna for restaurering, og søke eksterne midle til gjennomføring dersom gode prosjekt blir identifisert. Naturrestaurering er òg vera ein god moglegheit for å løfte kunnskap og fokus på lokal natur. Time kommune skal ha eit fokus på å unngå ytterlegare negative tiltak, før mykje fokus rettast mot naturrestaurering, i samsvar med tiltakshierarkiet.

Time kommune har fleire eldre reguleringsplanar, særleg utanfor tettstadene, som moglegvis ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til naturen. Gjennom ein **planvask** vil desse planane kunna oppdaterast eller avbrytast for å tilpasse seg dagens situasjon og statlege forventingar. Dette vil resultere i ei meir føreseieleg arealforvaltning.

Det er i dag lite oversikt over kor mykje natur som forsvinn i Time kommune og kva konsekvensane av dette er. For å ha ei fagleg forankra arealforvaltning, må kommunen ha oversikt over tap av naturareal og vurdere konsekvensane. Eit **arealrekneskap** over natur visar oversikt over kva typar natur vi har, og korleis utviklinga er for naturareala. Arealrekneskap over natur er grunnlag for eit naturrekneskap. Rogaland fylkeskommune har nyleg lansert arealregnskap for kvar kommune som vises både i kart og tall. Dette kan nyttast i vidare arbeid.

Eit **naturrekneskap** gjer ein heilskapleg oversikt over verdien som naturen og økosystema gjer. Til dømes ren luft, karbonlagring, opptak av flaumvatn og pollinering. Det pågår eit arbeid nasjonalt og internasjonalt for å etablert ein standard for naturrekneskap.

Hovudmål 2: Gjennomføre arealforvaltning som varetek naturen.

Delmål 2.1: Tydelege føringar for omsyn av naturmangfald i kommuneplanens arealdel.

- **Tiltak 2.1.1. (KPA):** Innføre forslaga i vedlegg 1 til kommuneplanens arealdel ved rullering.

Delmål 2.2: Unngå nedbygging av naturareal og naturverdiar i tråd med prinsipp om arealnøytralitet og tiltakshierarkiet.

- **Tiltak 2.2.1. (planvask):** Innan 2030 skal relevante reguleringsplanar bli oppdatert til ein ønska utvikling av samfunnet og unngå unødig nedbygging av natur, ved ein planvask. Dette skal skje stegvis, der ein startar med reguleringsplanar utanfor tettstader.
- **Tiltak 2.2.2. (arealrekneskap):** Ved rullering av kommuneplan, utarbeide eit arealrekneskap for naturverdiar. Nyta dette aktivt i kommunal forvaltning.
- **Tiltak 2.2.3. (naturrekneskap):** Innan 2028 utarbeide eit naturregnskap (etter nasjonal/internasjonal standard).
- **Tiltak 2.2.4. (praktisering av arealnøytralitet):** Innan 2026 utarbeide system for praktisering av arealnøytralitet.

3. Naturforvaltning

I tillegg til å ta vare på natur ved arealplanlegging er det viktig at Time kommune tek ein aktiv rolle som naturforvaltar for å bevare naturen. Time kommune skal fokusere på dei mest truga og verdifulle naturområda. Dette må gjerast i samråd med aktuelle grunneigarar, lokale fagressursar og anna mynde.

Verneområda i Time kommune skal sikre dei minst påverka og mest verdifulle naturareala. Verneområda utgjer 4,1 % av arealet i Time kommune. I *Norsk handlingsplan for naturmangfold* (Meld. St. 35) står det eit mål om *vern eller andre arealbaserte bevaringstiltak* for 30 % av Noregs areal. Time kommune, som ein viktig jordbrukskommune, vil ikkje nå eit mål om 30 % vern av areal. Samstundes kan Time kommune arbeida for å auke verneareala, samt støtte opp om eksisterande verneareal med å ta omsyn til bufferområda rundt verneområda. I tillegg bør Time kommune søke naturvern i LNFR-områda, i samsvar med god jordbruksdrift, til dømes langs verna vassdrag.

Time kommune skal kartleggje og prioritere natur egna for **naturestaurering**, og søke eksterne midler til gjennomføring dersom gode prosjekt blir identifisert. Naturestaurering er òg vera ein god moglegheit for å løfte kunnskap og fokus på lokal natur. Naturestaurering må sjåast i samheng med tiltakshierarkiet.

Kystlynghei er danna gjennom tusenvis av år med brenning og beiting, og strekker seg frå Portugal til Lofoten. Areala med kystlynghei i Time kommune er store i internasjonal samheng. Truslar som opphøyr av skjøtsel, gjødsling og nedbygging påverkar kystlyngheia negativt. Mange artar er avhengige av kystlynghei, og Time kommune administrerer støtte til skjøtsel gjennom landbruksmidlar. Time kommune bør ha ein aktiv rolle i oppfølging av kystlynghei.

Naturskog er skog som i mindre grad blir brukt til aktiv hogst. Naturskog har eit mangfald av tresortar og aldersspenn, noko som gjer eit rikare artsmangfald. Det er lite naturskog i Time kommune, og dei resterande areala bør tas omsyn. Ved treslagskifte kan einsarta barskogar gjerast om til variert blandingsskog som gjer eit større naturmangfald.

Myr og anna våtmark er under stort press frå utbygging og intensivering av landbruk. Mesteparten av myrareal i Time har gått tapt dei siste 100 åra. Myr er viktig leveområde for ein rekke artar, og er med på å skapa eit mangfaldig landskap. Tapet av myr må stoppast, og øydelagde myrar restaurerast.

Vipe (*kritisk trua*), **storspove** (*sterkt trua*) og **åkerrikse** (*kritisk trua*) er bakkelevande fugl som har hatt ein dramatisk nedgang i populasjonen dei siste tiåra. Vipa har stor betydning for lokalsamfunnet, og den pryder kommunevåpenet. Godt samarbeid med grunneigarar, overordna mynde, nabokommunar og fagmiljø er truleg naudsynt for å snu nedgangen. Time kommune må ta ein aktiv rolle i å bevare vipa, storspove, og åkerrikse samt anna fugl knytt til jordbrukslandskapet.

Ville pollinerande insekt er naudsynte for bestøving av plantar og spelar ei nøkkelrolle i økosystemet. Faktorar som tap av leveområde, auke i grasplen, gjødsling, lysforureining, gjengroing av opne areal og bruk av plantevernmiddel har negativ påverknad på insekta. Time kommune skal aktivt fremje ville pollinerande insekt.

Amfibie, og særskilt salamander, har hatt ein stor nedgang i Time kommune som følgje av menneskeleg aktivitet dei siste 100 åra. Salamander treng dammar utan fisk og passande leveområde rundt for å overleve. Det er uklart kor mange salamanderdammur det er att i Time kommune i dag, og om salamandrane klarar å nytte dei ulike dammane i samanheng som et nettverk. Time kommune skal arbeide aktivt for å bevare våre lokale amfibie.

Det har vert ein aukande utfordring med konflikt mellom menneske og **måke** i tettbygde område i Time kommune. Det har òg verte meir **gås** som er utfordrande for landbruket. Det skal jobbast for gode løysingar for å redusere konfliktane. For grågås er det eigen forvaltningsplan.



Foto: Harald Fjogstad

Hovudmål 3: Bevare og forbetre naturmangfaldet gjennom å drive ein aktiv naturforvaltning.

Delmål 3.1: Bevare og sikre naturområde.

- **Tiltak 3.1.1. (buffersone verneområde):** Kontinuerleg ta omsyn til naturen i ein 500 meter buffersone rundt verneområda, dette etter plan og bygningslova, jordlova, forureiningslova og naturmangfaldslova.
- **Tiltak 3.1.2. (nye verneområde):** I samråd med grunneigarar og Statsforvaltaren i Rogaland, jobbe for å identifisere og etablere nye naturvernområde.
- **Tiltak 3.1.3. (naturrestaurering):** Kontinuerleg ha tett dialog med grunneigarar, og vera aktiv part i aktuelle prosjekt for å løfte naturmangfald i LNFR-område ved naturrestaurering. Innan 2028 ha eit konkret prosjekt innan naturrestaurering utanfor vassdrag.
- **Tiltak 3.1.4. (kystlynghei):** Innan 2027 ha ein god oversikt og tett dialog med grunneigarar som driv med aktiv skjøtsel av kystlynghei med beiting og brenning. Ha ein skriftleg og kartvis oversikt over skjøtsel og truslar til kystlynghei.
- **Tiltak 3.1.5. (naturskog):** Innan 2028 ha ein god oversikt over naturskog og ein dialog med grunneigarar av naturskog. Jobbe for å fremme ei auke av naturskog.
- **Tiltak 3.1.6. (myr):** Innan 2030 ha ein god oversikt over myrareal, stoppe nedbygging og øydelegging av myrareal. Identifisere myr som er delvis øydelagd og egna for naturrestaurering.

Delmål 3.2.: Bevare og sikre alle trua artar.

- **Tiltak 3.2.1. (fugl knytt til jordbruk):** Kontinuerleg styrke bestandane av fugl knytt til jordbruksareal, som vipe, storspove og åkerrikse, ved oppfølging i felt i samråd med aktuelle grunneigarar. Stimulere til ei auke av bruk av aktuelle støtteordningar i jordbruket. Vurdere å innføre ein årleg pris for årets *VipeVenn*. Vurdere anna tiltak i samråd med aktuelle grunneigarar for å bevare vipe, til dømes gratis utdeling av vipedisk og vipebur.
- **Tiltak 3.2.2. (pollinerande insekt):** Innan 2030 ha etablert eit nettverk av samanhengande leveområde for ville pollinerande insekt.
- **Tiltak 3.2.3. (amfibie):** Innan 2030 ha etablert eit nettverk av samanhengande leveområde for amfibie.
- **Tiltak 3.2.4. (måke):** Kontinuerleg jobbe for å redusere konflikt mellom måker (fleire artar) og menneske i tettbygd område. Ha ein oversikt over klagar, problem og problemareal. Jobbe for å sikre gode varige løysingar for menneske og måke.
- **Tiltak 3.2.5. (grågås):** Følgje opp Forvaltningsplan for grågås 2023-2028.

4. Vassdragsforvaltning

Vassdraga i Time kommune er viktige område for naturmangfald, både i vassmassane og langs kantsona av bekker, elver og innsjøar.

Det er særskild to vassdrag som dominerar i Time kommune. Håelva med sidebekken Tverråna utgjør mykje av nedbørsfeltet sør i Time, medan Orrevassdraget, med Frøylandsvatnet, dominerer nord i kommunen. Begge er verna vassdrag, og det finst tiltaksplanar for både Håelva (2017) og Orrevassdraget (forventa ferdig 2026).

Frå vassdirektivet er det eit mål om *god* økologisk tilstand i vassdraga i Noreg. For å nå god tilstand er det viktig å redusere forureining frå landbruk, avløp, vegar og industri for å forbetre vasskvaliteten. Time kommune deltek i *Jæren vannområde* med våre nabokommunar for samarbeid mot å nå målet. Det òg ein felles overvaking av vasskvaliteten på Jæren. Vasskvaliteten har betra seg dei siste 20 åra, men målet om god vasskvalitet er stort sett ikkje nådd.

Kanstona langs vassdraget er viktig for naturen (figur 3). Kantsona, om den er brei, og bestående av nok vegetasjon, har mange positive effektar som leveområde. Den er og ein viktig del av blågrøn struktur og for forflytting av artar, for reinsing av vatn og nedkjøling av vatnet om sumaren.

Time kommune kan bidra til å forbetre tilstanden i vassdraga ved å redusere forureining og ved å gjennomføre tiltak som utlegg av gytegrus og stein for leveområde, miljøvenleg erosjonssikring, fjerning av vandringshinder, etablering og styrking av kantvegetasjon og fjerning av sedimentert finstoff.

Figur 3. Kantsoner skapar naturmangfald i og utanfor vatnet. Tekning: Norsk Friluftsliv.



Time kommune har fleire pågåande prosjekt for å betre økologisk tilstand i Tverråna, samt eit prosjekt om miljøvennleg flaumsikring av Roslandsåna, nedstrøms Bryne, saman med Klepp kommune (figur 4). Det er planlagt tiltak i tilkomstbekkane til Frøylandsvatnet i 2025 og 2026. I åra framover bør det prioriterast tiltak i midtre og øvre del av Håelva og i Saltekanalen.



Figur 4: Tverråna ved Mauland før (venstre) og etter (høyre) tiltak sumaren 2025. Massar vert fjerna for å fremme eit meir levande vassdrag som er meir sjølvreinsande og blir eit betre leveområde for fisk.

Hovudmål 4: Sikre god vasskvalitet og god økologisk tilstand i bekker, elver og vatn.

Delmål 4.1: Gjennomføre forvaltning som tek omsyn til vassdrag.

- **Tiltak 4.1.1. (Jæren vannområde):** Fortsett deltaking i Jæren vannområde og fellesovervåking for vassdrag på Jæren.
- **Tiltak 4.1.2. (kantsone):** Kontinuerleg forvalte aktuelt lovverk mot å sikre ein økologisk fungerande kantsone med stadeigen kantvegetasjon med lauvbusk og lauvtrær langs alle elvar og større bekkar.
- **Tiltak 4.1.3. (forureining):** Kontinuerleg forvalte aktuelt lovverk for å stoppe utslepp av forureining som miljøgift, næringsstoff og finstoff i vassdrag.
- **Tiltak 4.1.4. (spreidd avløp):** Kontinuerleg rydde opp i spreidd avløp (private avløpsanlegg) i samsvar med *Hovedplan vann og avløp 2024-2044*.

Delmål 4.2: Gjennomføre tiltak som forbetrar vassdraga.

- **Tiltak 4.2.1. (tiltak i vassdrag):** Kontinuerleg gjennomføre fysiske tiltak i vassdrag som forbetrar den økologiske tilstanden, til dømes fjerning av finstoff ved harving, gytégrusutlegg, planting av kantvegetasjon og miljøvennleg erosjonssikring. Utgangspunkt for arbeid er tiltaksplanane i Hå- og Orrevassdraget. Det skal søkast om midler til gjennomføring av fysiske tiltak. Lokale ressursar som Sjørretprosjektet i Rogaland, Frivillige tiltak i landbruket og Jæren vannområde skal nyttast der mogleg.

5. Framande artar

Skadelege framande artar har hamna i naturen ved menneskeleg aktivitet, som hagearbeid, masseflytting og vegarbeid. Spreiing av framande arter er ein av dei største truslane mot naturmangfaldet. Framande artar kan skade naturen ved at dei konkurrera ut lokale artar om næring eller leveområde. I den nasjonale lista over framande artar blir artane risikovurdert etter kor fort dei spreiaast og kor høg økologisk skade ein spreiiing gjer (figur 5). Artane ein er mest bekymra over blir kategorisert til *svært høg risiko* (SE).



Figur 5: Dei ulike risikoklassane av framande artar.

Dei framande artane i Time kommune ein er mest bekymra for er plantar, til dømes parkslirekne (SE), kjempe- og mongolspringfrø (SE), gyvel (SE), lupin (SE), fagerfredløs (SE), platanlønn (SE) og sitkagran (SE, figur 5). Nokon planteartar er dørstokkartar som ikkje er kjend etablert i Time, men har aukande utbreiing i nabokommunar. Døme på dette er kjempebjørnekjeks (SE), kanadagullris (SE) og legepestrot (SE).

Framande fiskeartar, som sørv (SE), har hatt store økologiske påverknadar på fleire vatn i Time. Mink (SE) kan ha negativ effekt på naturmangfald ved å ete fugleegg, ål og elvemusling.

Time kommune må ha ein god og oppdatert oversikt over dei framande artane i kommunen, og ein tydeleg strategi for nedkjemping. I *kunnskapsgrunnlaget* er det opplyst nærare om det pågåande arbeidet med nedkjemping av framande artar i kommunen.

Tidleg nedkjemping av nye framande arter er viktig for å stoppe spreiiing før omfanget blir for stort, og nedkjemping blir for dyrt. Det der difor viktig å unngå spreiiing ved god kompetanse og tydeleg forvaltning. Ved nedkjemping av framande artar er det òg viktig med ein god kost/nytte vurdering.

Uaktsam handtering av massar med gravearbeid og uaktsam handtering av hageavfall er blant de mest kjende måtane for framande artar å bli spreidd i Time kommune. For å hindre spreiiing av framande artar ved massehandtering i framtidige prosjekt er det gitt forslag til generelle føreseigner og rettningsleiingar i kommuneplanens arealdel (tiltak. 2.1.1).

Landøyda og høymol er norske artar, ikkje framande artar, men dei er uønskt artar i landbruket.

Hovudmål 5: Nedkjempe og hindre spreing av framande artar.

Delmål 5.1: Ha ein fullstendig oversikt over eksisterande og framtidige framande artar.

- **Tiltak 5.1.1. (oversikt og strategi):** Innan 2026 ha ein oversikt over framande artar med *høg* eller *svært høg risiko* i kommunen, inkludert ein strategi og prioritering for handtering av desse. Oversikten skal vera tilgjengeleg offentleg inkludert på nettstaden. Denne skal holdast oppdatert.
- **Tiltak 5.1.2. (registrering):** Kontinuerleg skal alle observasjonar av framande artar gjort av mellom anna kommunalt tilsette, konsulentar og innbyggjarar skal registrerast på www.artsobservasjoner.no.

Delmål 5.2: Aktivt nedkjempe, hindre spreing og stoppe etablering av framande artar.

- **Tiltak 5.2.1. (årleg nedkjemping):** Kvar år drive aktiv fjerning av framande planteartar ut frå oversikt i tiltak 5.1.1. Det må vurderast i dei ulike konkrete tilfella om dei framande planteartane skal fjernast fullstendig, eller om spreinga skal stoppast. Det skal søkast midle til dette. Rapport over arbeid gjennomført skal arkiverast.
- **Tiltak 5.2.2. (frivillig arbeid):** Innan 2026 stimulere til ein frivillig innsats blant innbyggjarar og/eller lag til nedkjemping av framande artar i Time kommune.
- **Tiltak 5.2.3. (hageavfall):** Kontinuerleg redusere ulovleg dumping av hageavfall i kommunen ved bruk av skilting, dialog og offentleg kommunikasjon.
- **Tiltak 5.2.4. (LNFR):** Kontinuerleg fjerne framande artar i LNFR-areal saman med grunneigarar. Aktivt nytte støtteordningar for landbruket, som SMIL, til dette formål.
- **Tiltak 5.2.5. (mink):** Innan 2027 etablere ein strategi for fjerning av mink, spesielt ved viktige areal for fugl.



Figur 5: Viktige framande planteartar i Time kommune.

6. Kommunale areal

Kommunale areal inkludera friområde, skule- og barnehageareal, leikeplassar og kommunale vegar. I disse areala har kommunen moglegheit til å fremme naturmangfald, til dømes ved;

- sein klipping av grasområde for å få meir blomar og ville pollinerande insekt,
- ta vare på gamle trær og plante nye trær,
- sette opp fuglekassar, flaggermuskassar og insekthotell,
- etablere blomeenger,
- etablere og vedlikehalde naturbaserte løysingar for handtering av overvatn som; regnbed, opning av lukka bekkar, opne reinseparkar.

Ein meir naturvennleg kommunal drift kan, i mange tilfelle, vera mindre arbeidskrevjande å halda. Til dømes skal ein grasbakke berre klippast ein gong på seinsumaren, medan ein grasplen skal klippast kvar 14. dag. Eit anna eksempel er bruk av geit med GPS-styrt halsband for skjøtsel av kommunale areal. Samstundes kan andre tiltak som fremmar naturmangfald vera meir ressurskrevjande, som til dømes oppretting av blomstereng.

Det er viktig å ha ein bevisst haldning til kva som skal ha eit ryddig parkpreg, mens kva areal som skal ha eit meir naturleg og uryddig preg. Informasjon om at areal bevisst skal vera uryddige er viktig for å skape forståing blant innbyggjarar som er van med kortklippte plenar.

Trær er særskild viktige for naturmangfaldet og viktige brikker i blågrøn struktur. Trær bidrar som leveområde for fugl, flaggermus, insekt, ved å redusera forureining og reinsa lufta. I tillegg bidreg trær med å redusere flaumfare, er viktige estetiske element, betrar mental helse, auka verdi på hus og er levande kulturminne. Treets verdi stiger med alderen og størrelsen. Time kommune skal difor søke å behalde eksisterande trær på kommunal grunn, skjøtte trea skånsamt, samt å plante nye trær. Tre skal og bevarast i planarbeid, sjå 7-punkts huskeregel for bevaring av tre.

Hovudmål 6: Auke naturmangfaldet på kommunale areal ved naturvennleg drift.

Delmål 6.1: Auke intern kompetanse på naturvennleg drift og nytta denne til ein auke av naturmangfald på kommunale areal.

- **Tiltak 6.1.1. (kompetansepersone):** Kontinuerleg ha ein kompetansepersone på økologi og naturmangfald på drift, enten ved tilsetning, eller opplæring av tilsette. Samt å løfte kompetansen på driftsavdelinga på naturmangfald, ved å delta på relevante og lokale kurs om tema.
- **Tiltak 6.1.2. (framande artar):** Kontinuerleg fjerne framande artar med *høy* eller *svært høy risiko* på kommunale areal basert på kartlegging og vurdering i tiltak 5.1.1. Det skal søkast midler til dette.
- **Tiltak 6.1.3. (torvfri jord):** Kontinuerleg primært bruke lokal torvfri jord i kommunal drift, redusere gjødsling og redusere bruk av plantevernmidla til ugrasnedkjemping.
- **Tiltak 6.1.4. (reinseparkar):** Kontinuerleg drive skjøtsel/reinsing av kommunale reinseparkar slik dei opprettheld sin funksjon. Eksisterande *Skjøtselplan* datert 30.08.2023 kan nyttast som utgangspunkt. Det må settast av årlege kommunale øyremarka midler til dette.
- **Tiltak 6.1.5. (trær på kommunal eigedom):**

- Tre på kommunal eigedom skal berre unntaksvis fellast. Dei skal heller søkast beskjerast, enn å fellast. Ved tiltak på trær med ein omkrins på over 90 cm (målt 1 meter over bakken) skal konsekvensane vurderast skriftleg av kommunen. Der naudsynt skal det hentast inn arboristfagleg kompetanse. Dersom treet skal fellast skal det erstattast med tre nye stadeigne trær. Ved ulovleg felling skal kommunen krevje erstatning ved økonomisk tap etter norsk standard 3846.
- Time kommune skal søke å plante nye trær. Prinsipp for nye tre er;
 - berre stadeigne trær, og primært pollinatorvennlege treslag, som til dømes selje, vier, rogn og or.
 - det skal søkast eit mangfald av trearter innan eit areal,
 - det skal søkast fleirsjiktige vegetasjon (tre-, busk-, og feltsjikt).
- Time kommune skal kontinuerleg samla informasjon om tre som blir planta, skjøtta, felt, i internt driftssystem. Med eit langsiktig mål om ein fullstendig oversikt over trea på kommunalt areal.
- **Tiltak 6.1.6. (plen):**
 - Kvart år slå gras på ein måte som fremmar naturmangfald. Dette inneber, der mogleg, å klippe plen med en litt høgare grasslengde, ikkje heilt ned til rota, slå grasplen sjeldnare, helst unngå gjødsling, la det stå igjen øyer med markblomar.
 - Kvart år fortsett å slå gras i område spesielt utsett for spreiding av landdøydade inn mot landbrukseigedom.
 - Ha kontroll over artsrike vegkantane langs kommunal veg, og ha ein god skjøtsel av vegkantane som fremmer naturmangfald.

Delmål 6.2: Gjennomføre prosjekt som fremmar naturmangfald på kommunalt areal.

- **Tiltak 6.2.1. (prosjekt):** Innan 2026 starte opp eit konkret prosjekt for å fremme naturmangfald på kommunalt areal. Sjå i samanheng med tiltak 1.3.2., ved ein får med lokale lag og innbyggjarar. I tillegg til å fremme naturmangfald skal intensjonen vera å skape engasjement, interesse og kunnskap om natur. Eksempel kan vera etablering av blomstereng, utsetjing av fuglekassar, flaggermuskassar og insekthotell.
- **Tiltak 6.2.2. (restaurering av myr):** Innan 2027 gjennomføre restaurering av myr på kommunalt areal, til dømes Lonarmyr.



Foto: Vegard Thøset Våge

Vedlegg 1

Tiltak 2.1.1. - forslag til kommuneplanens arealdel

Generelle føresegner og retningslinjer (pbl. § 11-9, pkt. 6):

- Naturmangfald:
 - Prinsipp om arealnøytralitet og prioriteringane frå *tiltakshierarkiet* skal leggjast til grunn i reguleringsplanar. Tiltak tilpassast slik at en i størst mogleg grad unngår å forringe naturverdiar. Ved større utbyggingar bør det vurderast krav om erstatning og kompensasjon av naturverdiar som forringast/øydeleggast.
 - Konsekvensar for naturmangfald og blågrøn struktur skal utgreiast og vurderast i alle planer og større prosjekter.
 - Eksisterande vegetasjon og trær skal kartleggast på eit tidleg stadium av planprosessar i nye prosjekt. Det skal søkast bevart og sikrast i plankart og føresegner for plan. Prinsipp om bevaring av trær går foran erstatning. Kvart tre som ikkje kan bevarast skal som hovudregel erstattast med minst tre nye trær som kompensasjon.
 - Skog (innanfor område med formål grønt-/friområde) over 5 dekar i tettstader skal bevarast uansett økologisk verdi.
 - Eiketrær med en stammeomkrins på minst 200 cm målt på 1,3 m høgde, eller hole eiketrær med stammeomkrins på minst 95 cm, frittstående eller i skog, skal bevarast i forvaltning og ved tiltak. Alle store lauvtrær, samt furu, skal søkast bevart. Graving innanfor ein omkrins tilsvarande trekronas utstrekning skal ikkje førekomme.
 - Gravearbeid og massetransport skal ikkje føre til spreiding av framande artar. I alle planar eller prosjekt større enn 1 dekar skal det utførast feltobservasjonar for identifisering av framande artar i vekstsesong. Ved funn av artar med høg eller svært høg risiko skal det stillast krav til tiltaksplan for handtering av framande artar i reguleringsføresegner. Handtering av masser skal skje i tråd med forskrift om framande organismar.
 - Viktig natur som myr og viktige naturtypar som kystlynghei, myr, slåttenger og naturbeitemark, bør ivaretakast og skjermast mot inngrep.
 - Ved planlagde tiltak større enn 1 dekar på karbonrike areal (jf. kartlag *Karbonrike areal – NIBIO 2023*) må klimagasseffekten frå arealbruksendringar kvantifiserast og bereknast med anerkjent metodikk.
- Vassdrag og kantsone langs vassdrag
 - Sette byggegrense langs vassdrag i samsvar med pbl. §§1-8 og 11-11 pkt. 5.
 - Ny eller endra arealbruk skal ikkje medføre forureining, eller føre til at miljømåla for vassførekomstar ikkje nås. Fleirbruksverdien av vatn og vassdrag som landskapselement, ressurs for rekreasjon/friluftsliv, biologisk mangfald og vassforsyning skal verta ivare tatt i planlegginga. Alt vatn skal forvaltast med sikte på beskyttelse, og berekraftig bruk av vatnet.
 - I reguleringsplanar skal lukka bekker søkast gjenopne, vandringshinder fjernes og vassdrag restaurert. Det vert ikkje tillate å lukka bekkar eller etablere nye vandringshinder for fisk.
 - Tiltak skal ikkje medføre utslepp til innsjø eller vassdrag som kan ha negativ verknad på vassmiljøet. Det skal alltid stillast strenge krav til utslepp, samt for- og

etterundersøkingar, ved eventuelle løyve til prosjekt som kan ha påverknad på vassdrag.

- VA-rammeplan skal gje ein beskriving av resipient med miljømål og økologisk tilstand, samt innehalde konkret og fagleg løysing for å hindre utslepp av finstoff, inkludert grenseverdier og reinseløysing. Kontinuerleg måling av turbiditet/finstoffkonsentrasjon skal nyttast i store anleggsprosjekt som går over fleire år.
- Naturbaserte opne løysningar for overvasshandtering skal nyttast der mogleg.
- I alle nye planer og prosjekter ved vassdrag skal vera ei minst 10 meter brei naturleg vegetasjonssone som motverker avrenning, varetek vassdragets økologiske funksjon og gir levestad for planer og dyr. I tettbygd areal skal det òg inkluderast offentlege friluftskvaliteter.
- MOP (miljøoppfølgingsplan).
 - Utarbeide ein rettleiar for miljøoppfølgingsplan (MOP) som vedlegg til KPA. MOP skal bidra til av me forebygger eller reduserer potensielle negative påverkingar på miljøet i forbindelse med planlegging og gjennomføring av prosjekt. Naturmangfald, forureining, ressursbruk, kulturminne og kulturmiljø, landskapsbilde og stadlege kvalitetar er eksemplar på relevante tema. Malen for miljøoppfølgingsplan skal utarbeidast frå standard *NS 3466 Miljøprogram og miljøoppfølgingsplan for ytre miljø for bygge-, anleggs- og eigendomsnæringen*. Malen for miljøoppfølgingsplan skal være et utgangspunkt, og bør tilpassast prosjektets størrelse og potensielle påverking på det ytre miljø.
 - Alle prosjekt større enn 1 dekar skal nytte rettleiar for MOP til å utarbeide MOP for prosjekt.

Arealformål (pbl. § 11-7, pkt. 3)

- Grønstruktur:
 - Samanhengande grønstruktur skal bli ivaretatt og vidareutviklast som bruks- og rekreasjonsområde for menneske, økosystem for naturmangfald, kulturminne, og for å bidra til klimatilpassing. Samanhengar innanfor og imellom blågrøne områder skal sikrast og tilpassast både menneske og naturens behov. Friområde og overordna grønstruktur skal utviklast og gjerast tilgjengelege med tanke på opplevingar og aktivitet for allmennheta. Samtidig skal naturmangfaldet bevarast og styrkes. Ved skjøtsel og tilrettelegging skal naturmangfald og kulturlandskap søkast bevart.
 - Minste bredde på grønkorridorar skal vere 40 meter. Unntaksvis kan bredde på grønkorridor på 20 meter tillatast på kortare strekningar der bygning eller annet ikkje gjer 40 meter bredde mogleg. Grønkorridor bør da supplerast med vegetasjon og grønne strukturer på tilgrensande private eigedomar.

Omsynssone (pbl. § 11-8, pkt. c)

- Ved rulleringa av kommuneplanens arealdel skal det leggst ein omsynssone naturmiljø (H560) basert på allereie eksisterande omsynssone, med tilhøyrande retningslinje. Det skal vera ein god fagleg vurdering som inkludera viktige økologiske korridorar. Det skal også inkludera viktige areal som myr og anna karbonrike areal, hole eik og anna viktig lauvtrær, buffersoner rundt verneområde, viktige naturtype, restareal/åkerholme og anna viktige naturområde. For områder med formål LNFR skal omsynssone naturmiljø ikkje legge begrensning på dagens jordbruksdrift. Naturmiljø-punkt skal kartfestas og nummererast.